

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hyllestad, Hornindal, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

## **I** Innkalling til møte i Kontrollutval – Eid kommune

Utval: Kontrollutval - Eid kommune  
Møtedato: 28.04.2014  
Møtetid: 10.00  
Stad: Formannskapssalen  
Møtenr.: 2/2014

Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Rådmann, økonomisjef og revisor sakene 14-16/14. Dagleg leiar i sakene 15-16/14.

Melding til: Ordførar(møterett), Kommunerevisjonen i Nordfjord (møterett) og varamedlemmer (vert evt. innkalla etter nærmare beskjed).


Dersom du ikkje kan møte, gje melding på telefon 97170064, eller på e-post: [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no).

### SAKLISTE

- 11/14 Godkjenning av innkalling og sakliste.
- 12/14 Skriv og meldingar.
- 13/14 Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Eid.
- 14/14 Årsrekneskapen 2013 – Eid kommune.
- 15/14 Årsrekneskap 2013 - Eid Fjordvarme KF . Dagleg leiar Magne Hjelle møter kl 10.00
- 16/14 Årsrekneskap 2013 - Eid Industrihus KF . Dagleg leiar Svein Otto Melheim møter kl 10.30
- 17/14 Orientering – protokollar utval/styre i Eid kommune.
- 18/14 Oppfølgingsliste 2-2014 Eid
- 19/14 Eventuelt

Nordfjordeid, 16.04.2014

Roy Andre Høyenes Bruvoll (s)  
Leiar

  
Audhild Ragni Vie Alme  
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefon	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	<a href="mailto:post@sekom.no">post@sekom.no</a>	Arnar Helgheim 57612784 97581418	Audhild Ragni Vie Alme 57612785 97170064	987 631 554	3705.08.32571

## 11/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat  
Dato: 11.04.2014

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Eid	28.04.2014	11/14	Ja

**Kontrollutvalet sitt vedtak:**

## 12/14 SKRIV OG MELDINGAR

**Sakshandsamar:** Audhild Ragni Vie Alme, SEKOM-sekretariat  
**Dato:** 11.04.2014.

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Saksnr.</b>	<b>Vedtaks-organ</b>
Kontrollutvalet i Eid	28.04.2014	12/14	Ja

### **Saksvedlegg**

SM 03-14: Brev datert 14.02.2014 frå Skatteetaten til kommunestyret i Eid kommune:  
Kontrollrapport 2013 vedkommande skatteoppkrevjarfunksjonen for Eid kommune.

SM 04-14: Møtebok frå sak 025/14 Nettbrett til medlemmane i kontrollutvalet, handsama i kommunestyret 27.03.2014.

### **Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

Skriv og meldingar vert teke til vitande.

### **Kontrollutvalet sitt vedtak:**

Saksutgreiing

## **SKRIV OG MELDINGAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

### **Saksopplysningar:**

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**



Kommunestyret i Eid kommune  
Rådhusvegen 11  
6770 Nordfjordeid

SM 03-14

## Kontrollrapport 2013 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Eid kommune

### 1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av skattebetalingsloven § 2-8, som vert utfylt av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. januar 2009.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt over skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og pliktar å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søkjer gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatteregnskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

### 2. Om skatteoppkrevjarkontoret

#### 2.1 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen i følgje skatteoppkrevjar sine årsrapportar:

tal årsverk 2013	tal årsverk 2012	tal årsverk 2011
2,1	2,1	2,1

### 3. Måloppnåing

#### 3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Eid kommune viser per 31. desember 2013 ein skatte- og avgiftsinngang<sup>1</sup> til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 519 344 097 og utestående restansar<sup>2</sup> på kr 6 893 852, av dette krav stilla på vent kr 290 469. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 20. januar 2014.

#### 3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2013 for skatteoppkrevjarkontoret for Eid kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultatkrav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2011	13,1	98,6	96,4	97,0	95,6
Arbeidsgjevaravgift 2012	68,0	99,8	99,8	99,4	99,9
Forskotskatt personlege skatteytarar 2012	31,2	100,0	99,5	99,7	99,3
Forskotsstrekk 2012	173,6	99,9	99,9	99,8	100,0
Forskotskatt upersonlege skatteytarar 2012	21,8	100,0	99,6	100,0	99,9
Restskatt upersonlege skattytarar 2011	7,6	100,0	99,0	97,3	92,7

#### 3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Resultat for kommunen skatteoppkrevjarkontoret per 31. desember 2013 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal arbeidsgjevarar	Minstekrav tal (5 %)	Tal utførte kontrollar i 2013	Utførte kontrollar 2013 (i %)	Utført kontroll 2012 (i %)	Utført kontroll 2011 (i %)	Utført kontroll 2013 region (i %)
270	14	13	4,8	5,2	4,9	4,2

### 4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2013 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap og innkrevjing. Siste stadlege kontroll vart halden 16. mai 2013.

Skattekontoret har i 2013 i tillegg gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll.

Skatteoppkrevjarkontoret har gjeve tilbakemelding på tilrådingar som er gjevne.

### 5. Resultat av utført kontroll

- *Intern kontroll*

På bakgrunn av kontrollane skattekontoret har gjennomført, har vi ikkje avdekka vesentlege manglar i skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll.

<sup>1</sup> Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

<sup>2</sup> Sum åpne (ubetalte) forfalne debetkrav

- **Regnskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen**

På bakgrunn av kontrollane vi har gjennomført, finn skattekontoret at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvis uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- **Skatte- og avgiftsinnkreving**

På bakgrunn av kontrollane vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.


- **Arbeidsgjevarkontroll**

På bakgrunn av kontrollane vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og vert utført i tilstrekkeleg omfang.

## 6. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar i 2013 gjeve tilrådingar som er meddelt skatteoppkrevjaren i rapport av 22. mai 2013.

Venleg helsing



Arnljot von Mehren  
avdelingsdirektør  
Skatt vest



Jan Kåre Strøm  
underdirektør

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Eid kommune
- Skatteoppkrevjaren for Eid kommune
- Riksrevisjonen

SM 04-14



# EID KOMMUNE

## Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Kommunestyret	27.03.2014	025/14	TMO

<b>Avgjerd av:</b>	<b>Arkiv:</b> 033	<b>Arkivsaknr</b>
<b>Saksbehandler:</b> Terje Moldestad	<b>Objekt:</b>	14/297

### Nettbrett til medlemne i kontrollutvalet

#### Prenta vedlegg:

Særutskrift av kontrollutvalet sitt vedtak i sak 06/14

#### Saksutgreiing:

Kontrollutvalet har teke opp spørsmålet om nettbrett til medlemne i utvalet for dei som ikkje har fått dette tildelt som medlemmer av kommunestyret.

#### Økonomiske konsekvensar:

I storleik ca. kr. 10.000,-.

#### Vurdering:

Kontrollutvalet rår til å tildele 3 nettbrett.



**KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING:**

Kontrollutvalet får tildelt 3 nettbrett som vert finansiert via disposisjonsfondet  
Kontrollutvalet får naudsynt opplæring for å ta i bruk nettbrett.

**27.03.2014 KOMMUNESTYRET**

**KS-025/14 VEDTAK(SAMRØYSTES):**

Kontrollutvalet får tildelt 3 nettbrett som vert finansiert via disposisjonsfondet  
Kontrollutvalet får naudsynt opplæring for å ta i bruk nettbrett.

Ørjan Raknes Forthun  
-rådmann-

## 13/14 ÅRSMELDING 2013 FRÅ KONTROLLUTVALET I EID

**Sakshandsamar:** Audhild Ragni Vie Alme SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 11.04.2014

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaks-organ
Kontrollutval	28.04.2014	13/14	Nei
Kommunestyre		-	Ja

### **Saksvedlegg:**

Framlegg til årsmelding 2013 frå kontrollutvalet.

### **Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

Kommunelova.

Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### **Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Eid kommune vert godkjent.

### **Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret:**

Saksutgreiing

## **ÅRSMELDING 2013 FRÅ KONTROLLUTVALET I EID**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/ Audhild Ragni Vie Alme

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet til kommunestyret

### **Saksopplysningar:**

Årsmelding frå kontrollutvalet er vedlagt.

Årsmeldinga vert stila til kommunestyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet. Jfr. kml. § 77 pkt. 6 som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemmer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat for kontrollutvalet, oppgåvene til kontrollutvalet etter kommunelova §77 og forskrift til denne, omtale av saker som har blitt handsama og informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal sendast til kommunestyret for handsaming/vedtak.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Eid

---

Eid kommunestyre

UTKAST

## ÅRSMELDING 2013 FRÅ KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet til Eid kommune har i 2013 vore samansett slik:

Medlemer:

Roy Andre H Bruvoll (leiar)

Kristen Hundeide (nestleiar)

Siv Emdal

Hilde Henriksen

Per Tore Borgund

Varamedlemer:

Ida Elisabeth Lien Ohrvik

Karin Husevåg

Eivind Bjørke

Eivind Johnsen

Kåre Nils Os

Sekom sekretariat har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2013.

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne paragrafen er det laga eiga forskrift; "Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar" av 15. juni 2004. Kontrollutvalet har som intensjon å utføre kontroll- og tilsynsarbeidet, som inneber å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltinga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, i samsvar med dette lovverket.

I 2013 har kontrollutvalet i Eid halde fem møter der det er handsama i 47 saker.

I samsvar med punkt 1 i Plan for forvaltningsrevisjon, fekk kontrollutvalet levert forvaltningsrevisjonsprosjektet - Vedlikehald av bygningar, som vart handsama av kommunestyret 20.06.2013 i sak 068/13.

Kontrollutvalet gjorde i sak 044/13 vedtak om at prosjekt 2 i planen, Spesialundervisning, går ut på grunn av at spesialpedagogisk plan 2013-2017 er under politisk handsaming, og tinging av punkt 3 i planen – Oppfølging av vedtak, vert lagt fram på første møte i 2014. .

Kontrollutvalet har arbeidd med vurdering rundt masseuttaka i Eid kommune, og saka vert følgt opp i 2014.

Kontrollutvalet har i 2013 kome med tilråding om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet. Som følgje av måten sekretariat og revisjon er organisert på, er det berre for drifta av kontrollutvalet det er gjeve tilråding om budsjett. Denne tilrådinga frå kontrollutvalet skal vere vedlagt kommunen si budsjettsak når formannskapet gjev tilråding til kommunestyret i saka, og når kommunestyret gjer vedtak i saka.

---

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	57612785 arva 97170064 arva 57612784 ah 97581418 ah	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Eid

---

Kontrollutvalet har i 2013 kalla inn rådmannen for å orientere om følgjande:

- Oppfølging kommunestyrevedtak forvaltningsrevisjonsrapport - Innkjøpsfunksjonen
- Tiltak for at ikkje offentlege opplysningar vert lagde ut på heimesida til Eid kommune
- Handtering av bu- og driveplikt opp mot konsesjonslova
- Masseuttak Eid kommune

Kontrollutvalet har gjeve fråsegn til årsrekneskapen 2012 for Eid kommune, og til årsrekneskapen 2012 for Eid Fjordvarme KF.

Kontrollutvalet har også gjeve fråsegn til rekneskapar og sluttrapportar for følgjande investeringsprosjekt:

- 4711 Golvsengane bustadfelt.
- 4506 Grovavfallsplass Haugen.
- 4481 Hovudplan bygg 2012.
- 4351 Maskiner driftsavdelinga 2012.
- 4325 Maskin-/bilkjøp teknisk, rekneskap pr 18.03.2013
- 

Kontrollutvalet har i 2013 handsama sak om ubundenskapen til oppdragsansvarleg revisor. Saka vart sendt kommunestyret til orientering.

Kontrollutvalsleiar deltok på kontrollutvalskonferanse i regi av Forum for Kontroll og Tilsyn i ?? 2013.

Som faste saker på saklista har kontrollutvalet: Godkjenning av innkalling og sakliste, Skriv og meldingar, Oppfølgingsliste, Eventuelt og Orientering – protokollar utval/styre Eid kommune.

Utover dette har kontrollutvalet handsama sakene: Møteplan 2013 for kontrollutvalet, og Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet meiner at dei har gjennomført oppgåvene i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar når det gjeld tilsyn og kontroll med administrasjonen.

Kontrollutvalet har også gjennomført oppgåva med å sjå til at kommunen har ei tilfredsstillande revisjonsordning gjennom å følgje med på det arbeidet revisor leverer i form av rapportar med meir etter tinging frå kontrollutvalet.

Nordfjordeid, 28. april 2014.

Roy Andre Høyenes Bruvoll  
Leiar

Kristen Hundeide  
Nestleiar

Hilde Henriksen

Siv Emdal

Per Tore Borgund

---

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	57612785 arva 97170064 arva 57612784 ah 97581418 ah	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

# 14/14 ÅRSREKNESKAPEN 2013 - EID KOMMUNE

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat  
Dato: 11.04.2014.

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaks-organ	
Kontrollutvalet	28.04.2014	14/14	Nei	
Formannskap	-	-	Nei	
Kommunestyret	-	-	Ja	

## Saksvedlegg.

Fråsegn frå kontrollutvalet i Eid kommune datert 28.04.2014.

E-post datert 15.04.2014 frå Eid kommune med saksutgreiing til kommunestyret.

Rekneskap 2013 med revisjonsmelding datert 09.04.2014.

Årsmelding 2013 Eid kommune datert 25.03.2014.

## Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.

Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

## Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet viser til fråsegn om årsrekneskapen 2013 for Eid kommune datert 28.04.2014, der rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

## Kontrollutvalet si fråsegn til kommunestyret:

Saksutgreiing

## ÅRSREKNESKAPEN 2013 - EID KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

### Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2013 for Eid kommune.

### Saksopplysningar:

Sekretariatet viser til §§ 6, 7 og 8 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004. Sjå nedanfor. Desse heimlar kontrollutvalet sitt ansvar i samband med revisjon og presentasjon av rekneskapen.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve si fråsegn.

#### § 6. Regnskapsrevisjon

*Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.*

#### § 7. Uttalelse om årsregnskapet

*Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.*

#### § 8. Oppfølging av revisjonsmerknader

*Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.*

*Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.*

Etter §7, skal kontrollutvalet altså gje ei fråsegn til rekneskapen som skal stilast til kommunestyret. Formannskapet skal ha kopi av fråsegna. Forslag til fråsegn ligg ved. Til grunn for fråsegna ligg revisjonsmeldinga, årsmeldinga og rekneskapen.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er innkalla til møtet og er budde på å gje nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

Kommunerevisjonen i Nordfjord er innkalla til møtet. Dei er og budde på å svara på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om.

### Sekretariatet sine vurderingar:

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

---

Til  
Kommunestyret i Eid

Utkast

Nordfjordeid, 28.04.2014

## FRÅSEGNER FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPEN 2013 FOR EID KOMMUNE

Årsrekneskapen 2013 for Eid kommune er handsama i kontrollutvalet i Eid 28.04.2014.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Den avlagte årsrekneskapen.
- Årsmeldinga frå rådmannen.
- Revisjonsmeldinga frå Kommunerevisjonen i Nordfjord datert 09.04.2014.

Årsrekneskapen er avgjeven av rådmannen.

Rekneskapen viser eit brutto driftsresultat med meirforbruk på kr -6,708 millionar, og eit netto driftsresultat på - kr 0,29 mill. Etter interne finanstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2.691 mill.

Det er kommunestyret som er ansvarleg for disponering av mindreforbruket, og at dette skjer i samsvar med lovverket.

Revidert budsjett på inntektssida var kr 397 mill. Rekneskapen viser kr 418,2 mill. Det er særleg posten Overføringar med krav til motytingar, som har avvik i høve til budsjett.

Revidert driftsbudsjett på kostnadssida var kr 400 mill. Rekneskapen viser kr 424,9 mill. Postane Lønsutgifter, Kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjon, Overføringar og Fordelte utgifter, som har dei største avvika.

Revidert budsjett for eksterne finansutgifter var kr 25,1 mill. Rekneskapen viser kr 26,9 mill., der postane, Tap på finansielle instrument, og avdrag på lån har størst avvik i høve til budsjettet.

Netto driftsresultat er kr 3,824 mill. betre enn budsjettet.

Etter motpost på avskrivningar og interne finanstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit mindreforbruk på kr. 2,691 mill.

---

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefon	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	Arnar Helgheim 57612784 97581418	Audhild Ragni Vie Alme 57612785 97170064	987 631 554	3705.08.32571



# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

---

Av årsrekneskapen og årsmeldinga går det fram at tenesteområda har eit driftsresultat med samla avvik på 2,7 mill. i høve til justert budsjett. Det Helse- og Sosial har det største avviket på 1,8 mill. over budsjett. Kontrollutvalet viser til årsmeldinga side 13 og utover for nærare detaljar.

Investeringsrekneskapen er avslutta med eit udekkka meirforbruk på kr 1.286 mill. Det må finnast budsjettdekning for dette beløpet

Gjeldsgrada til kommunen er auka frå 84,9 % i 2012 til 86,1% i 2013. Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter er redusert frå 89,5% i 2012 til 85,6% i 2013. I årsmeldinga peikar rådmannen på at Eid kommune har høg netto lånegjeld samanlikna med dei det er naturleg å samanlikne seg med. Jfr. Side 9 i årsmeldinga.

Likviditeten synest å vere på eit tilfredsstillande nivå, sjølv om den har blitt noko redusert kvart år sidan 2009, jfr. balansen og side 10 i årsmeldinga.

Kontrollutvalet viser til årsmeldinga frå administrasjonen, som forklarar rekneskapen på ein god måte.

Kontrollutvalet viser til revisjonsmeldinga, der revisor har levert revisjonsmelding utan merknader.

Kontrollutvalet meiner at rekneskapen for Eid kommune kan godkjennast slik han ligg føre.

Roy Andre H Bruvoll  
-leiar-

Kristen Hundeide  
-nestleiar-

Siv Emdal

Hilde Henriksen

Per Tore Borgund

---

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefon	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	Arnar Helgheim 57612784 97581418	Audhild Ragni Vie Alme 57612785 97170064	987 631 554	3705.08.32571

**Alme Audhild Ragni Vie**

**Fra:** Ole Starheim <Ole.Starheim@eid.kommune.no> 1 APR. 2014  
**Sendt:** 15. april 2014 14:56  
**Til:** Alme Audhild Ragni Vie J.nr. 6 06/14  
**Emne:** Rekneskap 2013 Eid kommune Saksh. *anna* Arkiv  
**Vedlegg:** Rekneskap 2013 Eid kommune - saksutgreiing til kommunestyret.pdf; Eid kommune - rekneskap 2013.pdf; Eid kommune - Årsmelding 2013.pdf

Hei,

Vedlagt følger dokument vedkomande Eid kommune sin rekneskap for 2013:

- Saksutgreiinga til kommunestyret
- Samla rekneskapshefte inkl revisjonsmelding fremst i heftet
- Årsmelding 2013

Med helsing

**Ole Starheim**  
Økonomisjef i Eid kommune  
57 88 58 81 / 913 20 144





# EID KOMMUNE

## Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Finansutvalet	30.04.2014		OST
Formannskapet	30.04.2014		OST
Kommunestyret	08.05.2014		OST

<b>Avgjerd av:</b> Kommunestyret <b>Saksbehandler:</b> Ole Starheim	<b>Arkiv:</b> 212 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 13/2128
--	-------------------------------------	------------------------------

### Rekneskap 2013 - Eid kommune

#### Prenta vedlegg:

- Rekneskapen til Eid kommune for 2013, inkludert revisjonsmelding datert 09.04.2014.
- Kopi av kontrollutvalet sin uttale til rekneskapen for 2013 (vert lagt fram i finansutvalet og formannskapet sitt møte)

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

- Kommunelova – lov av 25.09.1992 nr. 107
- Forskrift om årsrekneskap og årsmelding – forskrifter med heimel i kommunelova § 48 nr. 6, fastsett 15.12.2000
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar – forskrift med heimel i kommunelova § 77 nr. 11, fastsett 15.06.2004.

#### Bakgrunn for saka:

Kommunelova § 48 nr. 3:

*"Kommunestyret vedtar selv årsregnskapet. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra formannskapet.... Vedtaket må angi disponering av regnskapsmessig overskudd eller dekning av regnskapsmessig underskudd."*

Når det vert lagt fram eit rekneskapsmessig overskot som skal disponerast av kommunestyret, er det ein ryddig måte å setje dette av til disposisjonsfond. Seinare bruk av disposisjonsfondet kjem då opp i eigne utgreidde saker. Det er berre kommunestyret som seinare kan gjere vedtak om bruk av slikt disposisjonsfond.

Etter forskrift om kontrollutval § 7, skal kontrollutvalet gje uttale om årsrekneskapen før denne blir vedteken av kommunestyret. Uttalen skal gjevast til kommunestyret. Kopi av uttalen skal vere formannskapet i hende tidsnok til at formannskapet kan ta omsyn til den før dette organet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

**Saksutgreiing:**

Rekneskapen er avlagt med eit rekneskapsmessig overskot på kr 2.691.441,67. I dette resultatet ligg det m.a. meiravkastning på kr 6,3 mill frå Aktiv forvaltning i forhold til opprinneleg budsjett for 2013. Den kommunale tenesteytinga (utanom finanspostar) har samla eit overforbruk på kr 2,7 mill. Alt dette er nærare omtalt i årsmeldinga kap. 3.5. I årsmeldinga finn ein også meir utfyllande kommentarar og oppstillingar til rekneskapen for 2013.


Kommunen har pr. 31.12.14 kr 1,9 mill på udisponert disposisjonsfond og kr 11,2 mill på eit rente og avkastningsfond. Det siste er avsetning gjort for å møte svingingar i avkastninga frå Aktiv forvaltning, og spesielt då plasseringane i aksjemarknaden. Hittil i 2014 har formannskapet/kommunestyret gjort vedtak om bruk av midlar frå disposisjonsfondet på til saman kr 530.000,-, som kjem til frådrag i saldoen ovanfor.

Rådmannen tilrår at kr 1,0 mill av det rekneskapsmessige overskotet vert sett av til kommunens rente og avkastningsfond. Resterande beløp på kr 1.691.441,67 vert sett av til kommunens disposisjonsfond.

**RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**


1. Den framlagde rekneskapen, som viser eit overskot på kr 2.691.441,67, vert fastsett som Eid kommune sin årsrekneskap for 2013.
2. Overskotet på kr 2.691.441,67 vert sett av med kr 1.000.000,- til kommunens rente og avkastningsfond, og kr 1.691.441,67 til kommunens disposisjonsfond.

Ørjan Raknes Forthun  
-rådmann-



# **EID KOMMUNE**

## **ÅRSMELDING 2013**



**EID KOMMUNESTYRE 08.05.14**  
**Arkivsak 14/576**

RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR	side 3
1. KOMMENTARAR TIL REKNESKAPEN	side 4
1.1 Resultatoversikt	side 4
1.2 Resultatutvikling dei siste åra	side 5
1.3 Investeringsrekneskapen	side 6
2. NØKKELTAL FRÅ REKNESKAPEN	side 7
2.1 Kommunen sin gjeld	side 8
2.2 Driftslikviditet	side 10
3. DEN KOMMUNALE DRIFTA	side 11
3.1 Tal årsverk og lønsutgift	side 11
3.2 Sjukefråvær	side 12
3.3 Likestilling	side 12
3.4 Diskrimineringslovene	side 12
3.5 Tiltak for god kontroll og etisk standard	side 12
3.6 Økonomisk resultat av drifta	side 13

## **Rådmannen sin kommentar**

Eid kommune si årsmelding for 2013 tek i hovudsak føre seg den økonomiske sida av drifta. Hovudbodskapen i meldinga er økonomisk status pr. 31.12.13.

Rådmannen vil nytte høvet til å takke alle tilsette som kvar på sin måte har bidrege til at Eid kommune har god styring med sine budsjett og dei midlar som er stilt til rådvelde.

I tillegg til årsmeldinga, blir det laga ein årsrapport som seier noko om trendar og utvikling av tenestetilbodet i kommunen. Årsrapporten vert lagt fram for kommunestyret som eiga sak.

Budsjettåret 2013 har vore noko utfordrande for nokre avdelingar. Men på det jamne har det vore eit akseptabelt nivå både på budsjett og kva ein har oppnådd når året er omme. Kommunestyret har vedteke budsjettendringar både i juni og oktober i 2013 for å få ei betre tilpassing av midlane etter avdelingane sine behov. Dette bidreg til god budsjettkontroll gjennom året.

Rekneskapsmessig resultat for 2013 vart eit overskot på nær kr 2,7 mill. I dette resultatet ligg det m.a. meiravkastning på kr 6,3 mill frå Aktiv forvaltning opp mot opprinneleg budsjett for 2013. Dette er nærare omtalt i årsmeldinga, spesielt under kap. 3.5.

Brutto driftsresultat er på minus kr 6,7 mill, og utgjer minus 1,6 % av kommunen sine brutto driftsinntekter. Dette er ein sterk nedgang frå året før. Frå 2009 til 2013 har brutto driftsresultat gått frå pluss 4,6 % til minus 1,6 %. Dette er ei uheldig utvikling for kommunen sin økonomiske situasjon, og kommunen gjer seg med dette meir og meir avhengig av eksterne finansinntekter for å balansere drifta. Dersom kommunen på lengre sikt skal vere i stand til å betale finansutgifter frå lånegjelda ved auke i rentenivået, utan å bruke av tidlegare års avsetningar, må brutto driftsresultat tilbake på plussida. Den vedtekne innføringa av eigedomsskatt vil auke brutto driftsutgifter, men vi veit samstundes at denne inntektsauken skal gå til dekning av auke i finansutgiftene i samband med bygging av omsorgssenter og fleirbrukshall.

Netto driftsresultat er på minus kr 0,3 mill. Dette er - 0,07 % rekna av kommunen sine brutto driftsinntekter. Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) har gjort berekningar som syner at netto driftsresultat for kommunane bør liggje på om lag 3,0 % av brutto driftsinntekt for at formuesbevaringsprinsippet skal vere oppfylt. Det vil seie at kommunen skal vere i stand til å setje av midlar til framtidig bruk og til noko eigenfinansiering av kommunale investeringar.

Nordfjordeid 25.03.2013

Ørjan Raknes Forthun  
Rådmann

# 1 KOMMENTARAR TIL REKNESKAPEN

## 1.1 Resultatoversikt 2013

Økonomisk oversikt - drift	Rekneskap 2013	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Rekneskap 2012
<b>Driftsinntekter</b>				
Brukarbetalingar	18.571.598,00	18.146.900,00	18.176.900,00	17.783.153,80
Andre sals- og leigeinntekter	35.644.824,37	33.702.400,00	33.248.400,00	33.707.876,35
Overføringar med krav til motyting	62.783.363,34	42.671.300,00	39.733.000,00	59.150.321,88
Rammetilskudd	167.899.258,00	170.435.000,00	170.435.000,00	155.207.165,00
Andre statlege overføringar	9.326.845,00	10.567.000,00	7.600.000,00	5.552.280,00
Andre overføringar	1.393.146,00	1.311.000,00	0,00	1.018.029,00
Skatt på inntekt og formue	122.483.087,50	120.094.000,00	121.094.000,00	118.082.679,24
Eigedomsskatt	0,00	0,00	0,00	0,00
Andre direkte og indirekte skattar	49.801,00	50.000,00	50.000,00	48.581,00
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>418.151.923,21</b>	<b>396.977.600,00</b>	<b>390.337.300,00</b>	<b>390.550.086,27</b>
<b>Driftsutgifter</b>				
Lønsutgifter	222.018.835,03	209.994.300,00	210.418.800,00	208.247.123,07
Sosiale utgifter	50.208.555,73	50.816.400,00	50.080.600,00	46.166.811,94
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	57.391.728,94	62.060.100,00	60.532.100,00	59.008.936,34
Kjøp av tenester som erstattar tj.produksjon	43.810.530,26	42.788.600,00	36.160.600,00	34.967.059,36
Overføringar	38.942.467,92	33.095.100,00	29.707.100,00	31.365.958,43
Avskrivningar	17.272.501,00	16.000.000,00	16.000.000,00	16.105.169,00
Fordeelte utgifter	-4.785.016,23	-15.170.200,00	-14.566.200,00	-3.533.902,21
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>424.859.602,65</b>	<b>399.584.300,00</b>	<b>388.333.000,00</b>	<b>392.327.155,93</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-6.707.679,44</b>	<b>-2.606.700,00</b>	<b>2.004.300,00</b>	<b>-1.777.069,66</b>
<b>Finansinntekter</b>				
Renteinntekter og utbytte	5.475.307,53	4.175.500,00	3.775.500,00	5.958.957,13
Gevinst på finansielle instrument (omløpsmidlar)	10.569.455,00	3.400.000,00	3.400.000,00	7.733.562,00
Mottekne avdrag på utlån	4.500,00	10.000,00	10.000,00	6.000,00
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>16.049.262,53</b>	<b>7.585.500,00</b>	<b>7.185.500,00</b>	<b>13.698.519,13</b>
<b>Finansutgifter</b>				
Renteutgifter og låneomkostningar	11.171.629,97	11.393.000,00	12.035.000,00	11.074.763,54
Tap på finansielle instrument (omløpsmidlar)	1.534.533,00	0,00	0,00	2.571.309,42
Avdrag på lån	14.197.840,63	13.690.000,00	13.690.000,00	12.854.422,48
Utlån	0,00	10.000,00	10.000,00	0,00
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>26.904.003,60</b>	<b>25.093.000,00</b>	<b>25.735.000,00</b>	<b>26.500.495,44</b>
<b>Resultat eksterne finanstransaksjonar</b>	<b>-10.854.741,07</b>	<b>-17.507.500,00</b>	<b>-18.549.500,00</b>	<b>-12.801.976,31</b>
Motpost avskrivningar	17.272.501,00	16.000.000,00	16.000.000,00	16.105.169,00
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-289.919,51</b>	<b>-4.114.200,00</b>	<b>-545.200,00</b>	<b>1.526.123,03</b>
<b>Interne finanstransaksjonar</b>				
Bruk av tidlegare års reknesk.m. mindreforbruk	2.513.724,54	2.513.724,54	0,00	3.814.209,47
Bruk av disposisjonsfond	3.980.440,74	4.339.000,00	1.227.000,00	3.348.366,98
Bruk av bundne fond	3.497.413,57	2.705.200,00	2.248.200,00	3.895.220,43
<b>Sum bruk av avsetningar</b>	<b>9.991.578,85</b>	<b>9.557.924,54</b>	<b>3.475.200,00</b>	<b>11.057.796,88</b>
Overført til investeringsrekneskaper	2.010.921,69	2.400.000,00	2.400.000,00	3.133.087,00
Dekning av tidlegare års reknesk.m. meirforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsett til disposisjonsfond	2.771.132,54	2.600.724,54	87.000,00	4.517.137,47
Avsett til bundne fond	2.228.163,44	443.000,00	443.000,00	2.419.970,90
<b>Sum avsetningar</b>	<b>7.010.217,67</b>	<b>5.443.724,54</b>	<b>2.930.000,00</b>	<b>10.070.195,37</b>
<b>Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk</b>	<b>2.691.441,67</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>2.513.724,54</b>



## 1.2 Resultatutvikling dei siste åra

(Tal i tusen)	År	2013	2012	2011	2010	2009
Brutto driftsinntekt		418 152	390 550	373 725	344 946	332 615
Utgifter inkl. avskrivningar		-424 860	-392 327	-366 477	-340 322	-317 227
<b>Brutto driftsres.</b>		<b>-6 708</b>	<b>-1 777</b>	<b>7 248</b>	<b>4 624</b>	<b>15 388</b>
Brt. res. i % av brt. driftsinntekt		-1,60	-0,45	1,94	1,34	4,63
Renteinntekter, kursvinst, utbytte		16 044	13 693	11 352	17 082	27 389
Mottekne avdrag på utlån		5	6	10	35	15
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>16 049</b>	<b>13 699</b>	<b>11 362</b>	<b>17 117</b>	<b>27 404</b>
Renteutgifter, kurstap, etc.		-12 706	-13 646	-22 789	-13 980	-20 346
Avdrag på lån		-14 198	-12 855	-11 559	-10 621	-9 933
Utlån		-	-	-	-12	-91
<b>Sum finansutgifter</b>		<b>-26 904</b>	<b>-26 501</b>	<b>-34 348</b>	<b>-24 613</b>	<b>-30 370</b>
Brutto driftsres.		-6 708	-1 777	7 248	4 624	15 388
Finansinntekter		16 049	13 699	11 362	17 117	27 404
Finansutgifter		-26 904	-26 501	-34 348	-24 613	-30 370
Motpost avskrivningar		17 273	16 106	14 917	13 849	12 455
<b>Netto driftsres</b>		<b>-290</b>	<b>1 527</b>	<b>-821</b>	<b>10 977</b>	<b>24 877</b>
Nto. res. i % av brt. driftsinntekt		-0,07	0,39	-0,22	3,18	7,48
Bruk av avsetningar		9 991	11 058	22 365	12 585	3 110
Avsetningar		-7 010	-10 070	-17 730	-15 597	-19 696
<b>Rekneskapsmessig resultat</b>		<b>2 691</b>	<b>2 515</b>	<b>3 814</b>	<b>7 965</b>	<b>8 291</b>

Rekneskapsmessig resultat for 2012 vart eit overskot på kr 2.691.441,67. I dette resultatet ligg det m.a. meiravkastning på kr 6,3 mill frå Aktiv forvaltning i forhold til opprinneleg budsjett for 2013.

Brutto driftsresultat er på minus kr 6,7 mill, og utgjer minus 1,6 % av kommunen sine brutto driftsinntekter. Dette er ein sterk nedgang frå året før. Frå 2009 til 2013 har brutto driftsresultat gått frå pluss 4,6 % til minus 1,6 %. Dette er ei uheldig utvikling for kommunen sin økonomiske situasjon, og kommunen gjer seg med dette meir og meir avhengig av eksterne finansinntekter for å balansere drifta. Dersom kommunen på lengre sikt skal vere i stand til å betale finansutgifter frå lånegjelda ved auke i rentenivået, utan å bruke av tidlegare års avsetningar, må brutto driftsresultat tilbake på plussida. Den vedtekne innføringa av eigedomsskatt vil auke brutto driftsutgifter, men vi veit samstundes at denne inntektsauken skal gå til dekning av auke i finansutgiftene i samband med bygging av omsorgssenter og fleirbrukshall.

Netto driftsresultat er på minus kr 0,3 mill. Dette er - 0,07 % rekna av kommunen sine brutto driftsinntekter. Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) har gjort berekningar som syner at netto driftsresultat for kommunane bør liggje på om lag 3,0 % av brutto driftsinntekt for at formuesbevaringsprinsippet skal vere oppfylt. Det vil seie at kommunen skal vere i stand til å setje av midlar til framtidig bruk og til noko eigenfinansiering av kommunale investeringar.

Av finansinntektene kjem kr 14,0 mill frå Aktiv forvaltning som renteinntekter og kursvinst. Tilsvarande kjem kr 1,8 mill av finansutgiftene frå Aktiv forvaltning, då hovudsakleg som

kurstap. Renteutgifter på kommunen sin lånegjeld utgjør kr 10,8 mill, medan avdrag på lånegjelda utgjør kr 14,2 mill.

Posten "bruk av avsetningar" på kr 10,0 mill består m.a. av

- kr 2,5 mill frå disponering av overskot frå 2012 (avsett til fond),
- kr 1,5 mill disp.fond til tiltak i den kommunale tenesteytinga i løpet av 2013
- kr 2,5 mill disp.fond i tilskot til andre (m.a. Energikompertansesenter, Nordfjord Vekst, Frivillegsentralen, Park.plass Hjelmelandsdalen, og ein del mindre tilskot)
- kr 2,5 mill bundne fond frå øyremerka tilskotsordningar.
- kr 1,0 mill bundne fond innafor VAR (vatn, avløp, renovasjon)

All bruk av disposisjonsfond i rekneskapen er vedteken av kommunestyret

Posten "avsetningar" på kr 7,0 mill består m.a. av

- kr 2,5 mill frå avsetning av overskot frå 2012,
- kr 2,0 mill overført til investeringsrekneskapen frå refundert moms på investeringar
- kr 0,2 mill avsett til disp.fond frå kommunestyrevedtak i 2013
- kr 2,3 mill til bundne fond innan VAR-områda (vatn, avløp, renovasjon) og andre øyremerka tilskotsordningar, avsett til bruk i seinare år.

Disponering av årets rekneskapsmessige resultat vert gjort i eiga sak i kommunestyret i mai 2014.

### 1.3 Investeringsrekneskapen 2013

Rekneskapskjema 2A - investering	Rekneskap 2013	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Rekneskap 2012
Investeringar i anleggsmidlar	37.441.920,53	36.010.000,00	41.015.000,00	42.857.460,66
Utlån og forskottingar	3.827.893,00	3.805.000,00	700.000,00	1.714.717,00
Avdrag på lån	435.647,37	435.000,00	0,00	384.991,52
Dekning av tidlegare års udekka	621.718,20	0,00	0,00	1.541.638,34
Avsetningar	3.887.167,43	4.173.000,00	2.400.000,00	5.361.410,67
<b>Årets finansieringsbehov</b>	<b>46.214.346,53</b>	<b>44.423.000,00</b>	<b>44.115.000,00</b>	<b>51.860.218,19</b>
<b>Finansiert slik:</b>				
Bruk av lånemidlar	36.991.366,57	36.628.000,00	39.215.000,00	34.022.102,50
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	914.067,29	969.000,00	0,00	2.977.239,00
Tilskot til investeringar	0,00	0,00	0,00	200.000,00
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	3.433.224,00	3.260.000,00	1.800.000,00	5.233.038,19
Andre inntekter	287.456,77	0,00	0,00	49.000,00
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>41.626.114,63</b>	<b>40.857.000,00</b>	<b>41.015.000,00</b>	<b>42.481.379,69</b>
Overført frå driftsrekneskapen	2.010.921,69	2.400.000,00	2.400.000,00	3.133.087,00
Bruk av tidlegare års udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av avsetningar	1.290.994,00	1.166.000,00	700.000,00	5.256.719,63
<b>Sum finansiering</b>	<b>44.928.030,32</b>	<b>44.423.000,00</b>	<b>44.115.000,00</b>	<b>50.871.186,32</b>
<b>Udekka/udisponert</b>	<b>-1.286.316,21</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>-989.031,87</b>

Eid kommune har gjennomført investeringstiltak/-prosjekt på til saman kr 46,2 mill i 2013.

Investeringsrekneskapen for 2013 er gjort opp med eit udekket beløp på kr 1.286.316,21. Dette gjeld følgjande prosjekt:

1030 Etablering felles IKT-driftssenter i Vågsøy	462.244,21
4464 Psykiatribustader Høgebakkane	53.514,00
4478 Ballbinge Eid ungd.skule	200.000,00
4507 Eidsgata parsell 4 og 5	570.558,00

Prosjekt 1030 gjeld etablering av felles IKT-driftssenter i Vågsøy, og kjøp av inventar og IKT-utstyr til dette. Dette vil bli teke opp til finansiering i 2014. Prosjekt 4464 er påvente av tilskot frå Husbanken. Prosjekt 4478 er påvente av utbetaling av tilskot. Prosjekt 4507 vil bli teke opp til finansiering i 2014.

Investeringsutgiftene for 2013 er fordelt på 51 prosjekt/tiltak. Prosjekta fordelar seg på fleire kategoriar, men hovudsakleg innafor bygg og anlegg. Dei største prosjekta med bokførte utgifter over kr 1,0 mill i 2013 er:

Prosjekt	Tittel	Beløp
1009	Ord. Etabl.lån/utbetr.lån	3 540 647
1030	IKT-investeringar felles	1 289 329
1150	Inv.tilskot Fellesrådet	2 900 000
4218	Tiltak hovudplan vatn	2 381 831
4246	Hornindalsv. VA - hovudutbygging	2 254 224
4350	Tiltak Kdp veg 2012+2013	1 763 896
4465	Ny sjukeheim/omsorgssenter	1 220 522
4474	Flyktningbustader 2009	1 019 379
4482	Straumaggregat Kommunale bygg	1 111 821
4485	Flyktningbustader 2013	3 856 847
4616	Næringsareal Myklebust Stokkenes - opparbeiding	9 310 345
4715	Hågaåsen bustadfelt	1 303 390

Viser elles til hovudoversikt, rekneskapskjema 2A og 2B og detaljert oppstilling av investeringsrekneskapen pr. prosjekt i rekneskapsheftet frå side 35 og utover, som syner totalkostnad og totalbudsjett for pågåande prosjekt.

## 2 NØKKELTAL FRÅ REKNESKAPEN

### BALANSEN

I oversikta vedkomande nøkkeltal frå balansen vil vi finne dei viktigaste samanhengane når rekneskapen skal vurderast. Den inneheld opplysningar om bokførte egedelar, gjeld og eigenkapital pr. 31.12.

### OMLØPSMIDLAR

Omløpsmidlane er m.a. det som til ei kvar tid er inneståande på bankkonto. Likeeins må det reknast med det som er plassert til aktiv forvaltning og kortsiktige krav. Kortsiktige krav er ulike krav kommunen har som skal innbetalast på kort sikt, t.d. restansar på kommunale avgifter, ulike refusjonar frå stat, fylke og frå private som enno ikkje er betalte.

## KORTSIKTIG GJELD

Den kortsiktige gjelda i kommunen er postar som skal betalast på kort sikt, t.d. skattetrekk, feriepengar og diverse kreditorgjeld bokført pr. 31.12.

## LANGSIKTIG GJELD

Dette er alle langsiktige lån som kommunen har teke opp til finansiering av kommunale investeringar, dvs. kommunen sin lånegjeld.

## EIGENKAPITALEN

I egenkapitalen ligg det som er avsett til fond, udisponert overskot og/eller udekket underskot frå tidlegare år. Resten er endring i rekneskapsprinsipp og kapitalkontoen, som er å sjå som ein motkonto vedkomande unytta lån, aktivering av eigedomar m.m.

### 2.1 Kommunen sin gjeld

Lånegjeld som inngår i rekneskapen til Eid Industrihus KF (kr 39,5 mill) og Eid Fjordvarme KF (kr 5,3 mill) inngår ikkje i oppstillingane og kommentarane i denne årsmeldinga.

(Tal i tusen)	Ar	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Kortsiktig gjeld		50 277	48 949	52 569	57 247	59 961	63 590
Langsiktig gjeld		326 945	345 552	334 516	364 355	398 010	410 878

Den kortsiktige gjelda er kr 63,6 mill, og består hovudsakleg av forskotstrekk, arbeidsgjevaravgift, feriepengar og leverandørgjeld. Langsiktig gjeld (lånegjeld) er på kr 410,9 mill. Vedtekte låneopptak på kr 38,6 mill for 2013 er ikkje teke opp ved årsskifte på grunn av at kommunen har eit forholdsvis høgt beløp ståande i rekneskapen som ubrukte lånemidlar frå tidlegare års vedtak om låneopptak. Dette på grunn av mange investeringsprosjekt med vedtak frå tidlegare år, der lån er teke opp, men prosjektet er ikkje oppstarta eller fullført. Ubrukte lånemidlar er pr 31.12.13 på kr 46,3 mill. Om lag kr 6,5 mill av lånegjelda er vidareutlånt som etableringslån/startlån, der rente og avdrag vert dekt av lånemottakarane. Vidare er om lag kr 35,7 mill lån til tiltak innan sjølvkostområda (vatn, avløp, renovasjon, slam). Renter og avdrag til desse låna vert dekt inn gjennom dei kommunale gebyra.

### Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt

Netto lånegjeld er samla lånegjeld fråtrekt ubrukte lånemidlar og lån til vidareutlån. Det vil seie all lånegjeld som er knytt til investeringar som er aktivert i balansen, og som belastar kommunen sin rekneskap med rente- og avdragsutgifter.

(Tal i tusen)	Ar	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Brutto lånegjeld		326 945	345 552	334 516	364 355	398 010	410 878
-Vidareutlån		-4 167	-4 566	-5 830	-5 041	-5 613	-6 477
-Unytta lånemidlar		-78 291	-76 576	-30 355	-29 936	-42 809	-46 317
=Netto lånegjeld		244 487	264 410	298 331	329 378	349 588	358 084
Netto lånegjeld i % av							
brutto driftsinntekt		81,5	79,5	86,5	88,1	89,5	85,6

Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekt har ein liten nedgang frå 2012 til 2013. Sjølv om lånegjelda har auka i beløp, så har driftsinntektene hatt noko større auke. Kommunen har i 2013 brukt kr 37,0 mill i lånemidlar til finansiering av investeringsprosjekt. I tillegg er det vedteke låneopptak for 2013 på kr 38,6 mill som ikkje er teke opp. Vidare er det gjort vedtak om låneopptak for 2014 på kr 49,6 mill. Når prosjekta som dei vedtekne låneopptaka skal gå til blir gjennomført i løpet av dei næraste åra, vil netto lånegjeld auke.

### Gjeldsgrad = Gjeld målt i prosent mot eigenkapital

Ar	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Gjeldsgrad	79,3 %	77,5 %	76,9 %	82,9 %	84,9 %	86,1 %

Gjeldsgraden viser forholdet mellom eigenkapital som er finansiert av utanforståande og kommunen sjølv. Lågare gjeldsgrad gjev kommunen styrka økonomi, og omvendt. Som vi ser i tabellen ovanfor har gjeldsgraden auka. Dette kjem hovudsakleg av auke i lånegjeld og auke i pensjonsforpliktingar.

### Netto lånegjeld og frie inntekter i kr pr innbyggjar

Ar	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Frie inntekter, kr pr innbyggjar	30 127	34 174	35 233	42 580	46 164	49 001
Nto lånegjeld, kr pr innb.	41 714	45 206	50 522	55 358	59 052	60 426
Nto lånegjeld i % av frie inntekter (pr innbyggjar)	138,5	132,3	143,4	130,0	127,9	123,3

Forholdet mellom frie inntekter og netto lånegjeld er også ein indikator på korleis lånegjelda i kommunen har endra seg dei siste åra. Auke i %-delen gjer at større prosentvis del av kommunen sine frie inntekter går med til å betale rente og avdrag på kommunen sine lån, og motsatt ved reduksjon i %-delen. Kommunane hadde forholdsvis høg vekst i frie inntekter i 2013. Dette m.a. på grunn av vekst i lovpålagte oppgåver. Vidare har kommunen ikkje gjennomført fullt ut dei investeringane som var vedtekne for 2013, slik at kommunen har auke i ubrukte lånemidlar. Disse inngår ikkje i netto lånegjeld. Dette er hovudårsaka til at det blei nedgang i netto lånegjeld pr. innbyggjar sett opp mot frie inntekter pr. innbyggjar.

### Netto lånegjeld og frie inntekter samanlikna mot andre

Pr. 31.12.13	Eid	Gj.snitt gruppe11	Gj.snitt S og Fj	Gj.snitt landet ekskl Oslo
Frie inntekter kr pr innbyggjar	49 001	49 547	52 923	47 407
Netto lånegjeld kr pr innbyggjar	60 426	52 675	62 032	46 806
Netto lånegjeld i % av brt driftsinntekt	85,6	70,0	73,7	66,6

Eid kommune har høg netto lånegjeld samanlikna med både kommunegruppe 11 (som Eid inngår i), gjennomsnittet i S og Fj, og gjennomsnittet på landsbasis. I inntektssystemet har Eid ein utgiftsfaktor på 1,06 % (2013), dvs noko over landsgjennomsnittet, som er 1,0. Eid kommune får storparten av dei frie inntektene frå staten berekna ut frå denne utgiftsfaktoren. Ut frå tabellen ovanfor ser ein at Eid kommune må bruke ein forholdsvis større del av sine inntekter til rente og avdrag i forhold til landsgjennomsnittet, ut frå elles like lånevilkår.

## 2.2 Driftslikviditet

(Tall i tusen)	Ar	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Omløpsmidlar		227 594	239 536	204 956	201 826	216 462	223 231
Kortsikt. gjeld		-50 277	-48 949	-52 569	-57 287	-59 961	-63 590
Arbeidskapital		177 317	190 587	152 387	144 539	156 501	159 641
Nto blanseført premieavvik		-7 956	-7 194	-8 859	-7 354	-13 926	-13 110
Unyttå lån		-78 291	-76 576	-30 355	-29 936	-42 809	-46 317
Bundne fond og inv.fond		-92 413	-89 358	-95 683	-96 710	-95 760	-97 174
<b>Driftslikviditet</b>		<b>-1 343</b>	<b>17 459</b>	<b>17 490</b>	<b>10 539</b>	<b>4 006</b>	<b>3 040</b>

Arbeidskapitalen er auka i 2013 på grunn av vekst i omløpsmidlane, som hovudsakleg kjem frå auke i unyttå lånemidlar plassert i bankinnskot. Driftslikviditeten er derimot noko redusert.

### Likviditetsgrad 1 = omløpsmidlar / kortsiktig gjeld > 2

Denne bør vere større enn 2, fordi nokre av omløpsmidlane kan vere lite likvide, dvs vanskelege å gjere raskt om til kontantar.

### Likviditetsgrad 2 = mest likvide omløpsmidlar / kortsiktig gjeld > 1

Mest likvide omløpsmidlar er kasse, bank og marknadsbaserte plasseringar (finansielle aktiva) som raskt kan gjerast om til kontantar. Denne bør vere større enn 1.

Ar	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Likviditetsgrad 1	2,90	3,29	3,24	3,10	2,73	2,63
Likviditetsgrad 2	2,32	2,67	2,54	2,39	2,08	1,97

Likviditetsgraden til kommunen er god, men har blitt redusert kvart år sidan 2009. Dette skuldast m.a. balanseført premieavvik og negativt brutto driftsresultat som igjen gir reduksjon i mest likvide omløpsmidlar.

### Utvikling i rekneskåpen sin fondsdel

(Tall i tusen)	Ar	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Disposisjonsfond		7 022	18 256	22 976	17 781	18 528	17 232
Bundne driftsfond		8 543	10 466	12 544	15 612	14 136	12 765
Ubundne investeringsfond		79 769	76 116	81 524	80 708	81 140	83 079
Bundne investeringsfond		4 101	2 776	1 615	386	484	1 330
Årets reknesk. resultat		745	8 291	7 965	3 814	2 514	2 691
Samla		100 180	115 905	126 624	118 301	116 802	117 097

Av disposisjonsfonda på kr 17,2 mill, er kr 4,1 mill gjennom kommunestyrevedtak bestemt å brukast til konkrete tiltak som ikkje er oppstarta eller fullført pr. 31.12.13.

### Frie inntekter frå staten i % av brutto driftsinntekt

Ar	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Skatteinntekt i % av brutto driftsinntekt	34,14	32,39	32,38	28,62	30,24	29,29
Rammeilskot + innt.utjamn. i % av brutto driftsinntekt	24,71	27,69	27,92	39,17	39,74	40,15
Samla	58,85	60,08	60,30	67,79	69,98	69,44


Forholda her er lite endra frå 2012 til 2013.

## 3 DEN KOMMUNALE DRIFTA

### 3.1 Tal årsverk og lønsutgift

